

RAPPORT OM BRUK AV TILSKOT TIL LOKALE KLIMA- OG MILJØTILTAK I 2018

FN-sambandet vest fekk i 2017 kr 39.000,- i tilskot, og gjennomførte aktivitetane i stor grad i høve aktivitetsplan og budsjett. Opplegget var og er etterspurt av skulane, og alle gjennomføringane var etter vår meining svært vellukka, basert på tilbakemeldingar frå elevar og lærarar. Revidert prosjektrekneskap vil bli ettersendt i samband med godkjenning frå Riksrevisjonen av vårt konsernrekneskap, saman med prosjektrekneskap osb. for andre tilskot vi har fått frå HFK i 2017.

- Vi gjennomførte berre eit seminar, og ein berekraftsti mindre enn i planen, til gjengjeld hadde det andre seminaret spesielt relevant deltaking frå politikarar og forskarar.
- Vi gjennomførte berekraftstiar i Etne, Skogsvåg og for lærarstudentar ved Høgskulen Vestlandet for til saman 200 elevar, studentar og lærarar.
- Vi gjennomførte seminar og debatt under Internasjonal Veke i Bergen 20. oktober på Bergen offentlege bibliotek med 35 deltakarar. Byråd Julie Andersland og forskar Marte Haave var mellom innleiarane.
- Den, etter vår meining, viktigaste nyvinninga i vårt i 2017 var at vi utvikla og gjennomførte eit funksjonelt og heilskapleg prosjekt. Her kom vi faktisk mykje lenger enn vi hadde trudd då vi skreiv søknaden: Det vart kvar gong reelt sett berekraftige opplegg i seg sjølv, med berre klimanøytrale tenester. Deltakarane (elevane) jobba aktivt med å redusera forureining, samstundes som dei fekk aktivitetsbasert undervisning utandørs. Dessutan spela dei inn data til aktørar som driv forskning om same tema. **Vi skriv litt meir om desse momenta i 4 punkt under her.**
- Vi vil og nemna at vi i tillegg til aktivitetane dekt av dette tilskotet, også har gjennomførte ei rekkje berekraftstiar i Bergen kommune etter same mal, der vi har samordna og koordinert aktivitetane med BOF (Bergen og omland friluftsråd). Vi kan nemna 200 elevar, studentar og lærarar på Helleneset sjøbad i samband med verdas miljødag 5. juni, 65 born i barnehagealder på Konegen 22. oktober saman med meir enn 100 foreldrar, og for 160 elevar på sjølve FN-dagen 24. oktober.
- Det er eit viktig moment at kvar og ein elev, så langt det er mogleg, skal få diplom i handa frå oss etter at dei har gjennomført berekraftstien.

Vi vil gjerne streka under 4 relevante moment som peikar framover. Dei dukka opp medan vi var midt oppe i gjennomføringa, og står difor ikkje som premiss i søknaden:

1. Det har vore stor merksemd og interesse for mikroplast og plastforureining i havet i 2017, og mange aktørar har vore aktive med å rydda strender og samla inn plastboss. **Det som skil FN-sambandet frå dei andre, er at vi (så langt vi veit) er den einaste aktøren som gjennomfører undervisning om berekraftig utvikling og FN sine berekraftsmål som ein integrert del av opplegget. Effekten vert forsterka av at undervisninga er aktivitetsbasert, og skjer utandørs på same stad som elevane ryddar i sjøkanten og etter det registrerer data om plastforureining og mikroplast på skjema.**
2. UNI research v/Marte Haave har i 2017 utvikla eit forbetra nettbasert skjema for datainnsamling om plastforureining og mikroplast (dette skal mange forskjellige aktørar samarbeida om å nytta i 2018, og Hordaland/Bergen ligg her langt framme nasjonalt, og truleg også internasjonalt). FN-sambandet har vore aktivt med på å gi innspel til dette arbeidet, ved at vi på alle våre berekraftstiar har samla inn data og registrert på skjema, og så har UNI research fått kopi av dei mest relevante av desse.

3. Det spesielle i vårt fylke er samspelet mellom rydding av boss og redusert forureining, datainnsamling /forskning og undervisning (der undervisning har vore FN-sambandet sin unike «bit»).
4. Vi svinga oss i gjennomføringane raskt inn til at kvart opplegg med berekraftsti i seg sjølv vart eit døme på berekraftig produkt og ei reellklimanøytral teneste. All transport av personell frå FN-sambandet var med el-bil, pluss at vi valde uteområde der vi skulle rydda plast i nærleiken av skulen – elevar og lærerar gjekk eller sykla dermed frå skulen og tilbake etterpå. Det vil sjølvsagt alltid bli eit visst energiforbruk, men dette vart kompensert med at vi faktisk rydda opp og dermed reduserte forureining og på den måten sparar klima og miljø.

Vi meiner at vi i 2017 fekk mange gode erfaringar, ikkje minst ved at vi utvikla eit berekraftig opplegg og ei klimanøytral teneste i seg sjølv. Vi fekk mange goda samarbeidspartnarar gjennom året, ikkje minst BOF og UNI research (som er ei forskingsstifting under UiB). Vi er framleis den aktøren som har kome lengst med aktivitetsbasert undervisning, mogleg faktisk framleis den einaste aktøren(!). Vi har søkt opp att om tilskot i 2018 og ønskjer då å styrka kvaliteten i prosjektet vårt m.o.t reell berekraftig utvikling:

- Registrera data til forskning i samarbeid med UNI Research og samarbeida vidare med BOF.
- Laga ein enkelt klimarekneskap for kvar einskild gjennomføring.
- Rydda i fleire typar område enn berre langs sjø og vatn og strender, t.d. i randsonar, som natur og biotopar innimellom og tett ved industriområde, kjøpesentre, vegar, bustadområde og skular. Slike område er det lett å oversjå og bagatellisera, men dei kan ha eit stort mangfald av artar, og det er ofte mykje plast og anna boss der.

BILETE

Berekraftsti i Etne

3 jenter driv med utforsking og datainnsamling i fjæra

Barn og maskoten FN-filuren ryddar plastboss på stranda

Aktivitetsbasert undervisning (mange elevgrupper jobbar parallelt)